



Arkivnr: 2016/1085-2

Saksbehandlar: Knut Djuve

Saksframlegg

Saksgang

Utval

Møtedato

Utval for miljø og samferdsel

28.04.2016

Fylkesutvalet

19.05.2016

Statusendring av veg fv. 7 utanfor Lussandberget i Granvin herad

Samandrag

Strekninga utanfor den nye Bjørgetunnelen utanfor Lussandberget, som er føreslede å få endra status, går frå kryss vest for Lussand til nytt kryss ved Beggevik. Den funksjonen vegen vil få etter at det er bygd ny vegtrase i tunnel, vil vere som Nasjonal turistveg og gang- og sykkelveg, og som lokal veg til eigedommar på Lussand.

Statens vegvesen føreslår at gamlevegen utanfor Lussandberget i Granvin herad endrar status som arm til fv. 7 med eigen hovudparsell (HP), men vil vera vinterstengd og vil fortsatt vera i fylkeskommunen si eiga.

Fylkesrådmannen er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen, men ønskjer å presisera at den delen av vegen som går til eigedommane på Lussandsida blir halde open heile året.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at heile gamlevegen fv. 7 frå nytt kryss vest for Lussand til nytt kryss ved Beggevik vert klassifisert som arm til fv. 7 med eigen HP, og vil fortsatt vera i fylkeskommunal eiga. Vegen til eigedommane på Lussandsida blir halde open heile året, medan resten av vegen vert vinterstengd.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Innstilling frå Statens vegvesen - Statusendring av veg fv. 7 utanfor Lussanberget i Granvin herad
- 2 Statusendring av veg fv. 7 - Lussandbergetaust - Granvin herad

Fylkesrådmannen, 01.04.2016

Strekninga utanfor den nye Bjørgetunnelen utanfor Lussandberget går frå kryss vest for Lussand til nytt kryss ved Beggevik. Den funksjonen vegen vil få etter at det er bygd ny vegtrase i tunnel, vil vere som Nasjonal turistveg, gang- og sykkelveg, og som lokal veg til eigedommar på Lussand.

Den gamle vegen vil ikkje lenger ha same funksjon som fylkesveg når den nye Bjørgetunnelen opnar, og vil i stor grad ha funksjon som tilkomstveg til eigedommar på Lussand. Det har difor vore vurdert om vegen burde omklassifisert til kommunal veg. I vurderinga av fråseguna vart det teke omsyn til at vegen skal brukast som nasjonal turistveg og som gang- og sykkelveg, men kan stengjast om vinteren. Vegen vil fortsatt vera open sommarhalvåret og vere skilt som Nasjonal turistveg (for alle typar trafikk), og som gang- og sykkelveg.

Granvin herad har gitt slik uttale til saka (sjå vedlegg 2). «*Granvin herad støttar dette forslaget, og tek det som ein sjølv sagt ting at vegen fram til bustadene på Lussand vert halde ope heile året og vinterstenging først byrjar rett før tunellen tek til på Lussand sida*».

Statens vegvesen gir slik tilråding med fylgjande forslag til statusendring:

- Heile gamlevegen Fv. 7 frå nytt kryss vest for Lussand til nytt kryss ved Beggevik vert klassifisert som arm til Fv. 7 med eigen HP, men vil vera vinterstengd og vil fortsatt vera i fylkeskommunal eiga.

Fylkesrådmannen er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen, men vil presisera at den delen av vegen som går til bustadene på Lussandsida blir halde open heile året.

